

LINJA AS  
Langemyra 6  
6160 HOVDEBYGDA

**Vår dato:** 17.02.2025  
**Vår ref.:** 202308120-21 Oppgje ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 3219-PL-0001-08

## Vedtak - Godkjenning av detaljplan for 132 kV kraftledning Leivdal-Navelsaker - Linja AS

### 1. Vedtak om godkjenning

#### 1.1. Vedtak og vilkår

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknaden frå dykk om godkjenning av detaljplan for 132 kV kraftledning Leivdal-Navelsaker.<sup>1</sup>

NVE godkjenner detaljplanen datert 26. juli 2024 for å byggje, drifte og vedlikehalde 132 kV kraftledning Leivdal-Navelsaker i Stad kommune i Vestland fylke. Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 23. mars 2023, post nr. 10.<sup>2</sup> Det er konsesjonær sitt ansvar at detaljplanen er i samsvar med vilkår og forutsetningar gjevne i konsesjonen, og at anleggsarbeidet mv. gjennomførast slik det er beskrive i detaljplanen.

Detaljplanen kan ikkje fråvikast utan avklaring frå NVE. Dersom den vidare planlegginga og gjennomføringa viser at andre løysningar enn dei som er beskrivne i detaljplanen kan redusere ulempene utbygginga medfører, ber me om at de tek kontakt med oss slik at me kan behandle endringane.

Godkjenninga gjevast på følgjande vilkår:

#### Før anleggsperioden

- De skal orientere NVE, råka kommunar, grunneigarar og rettshavarar om datoen for oppstart før anleggsarbeida startar.
- De skal gjere entreprenørar og eventuelle underentreprenørar, konsulentar og andre som planlegg og byggjer anlegget på vegne av konsesjonær kjent med detaljplanen og dette vedtaket.

#### Undervegs i anleggsarbeidet

- De skal nytte eit materiale som ikkje forvitrar for fysisk merking av kulturminne i anleggsfasen.

---

<sup>1</sup> NVE-ref.: 202308120-4.

<sup>2</sup> NVE-ref.: 202302926-3.



- NVE kan seinare stille krav om at de detaljerer prosjektet ytterlegare og dokumenterer bygging, drift og vedlikehald ved heile eller delar av anlegget, og at slik dokumentasjon skal godkjennast av NVE før arbeida settast i gang.
- De skal til ei kvar tid ha oppdaterte kart som kan leggjast fram for NVE dersom me ber om det.

### Generelt

- Dersom de avdekkjer uønskelege hendingar som har skada eller kan skade miljøet betydeleg, skal de rapportere det til NVE. Opplys om kva for tiltak som er eller vil bli iverksett for å rette opp skadar og hindre gjentakning.

### **1.2. Moglegheit til å klage**

Vedtaket kan klagast på. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

### **1.3. De skal orientere grunneigarar og rettshavarar**

Me ber dykk om å sende vedlagte orienteringsbrev til råka grunneigarar og rettshavarar snarast mogleg. Dette vedtaket skal leggjast ved orienteringsbrevet. NVE ber dykk sende ei stadfesting på at orientering er sendt til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

## **2. Forhold Linja AS må være merksame på**

### **2.1. De må ha eit internkontrollsystem (IK-energi)**

De må ha et internkontrollsystem for energianlegg.<sup>3</sup> NVE forutsett at dette er på plass, og at de praktiserer internkontroll. Me viser til [NVEs rettleiar til internkontroll for krav til miljø og landskap for energianlegg](#).

### **2.2. Forholdet til plan- og bygningslova**

Sidan anlegget har konsesjon etter energilova, gjelder ikkje plan- og bygningslova.<sup>4</sup> Det betyr at de ikkje treng å søke dispensasjon frå gjeldande kommunale arealplanar eller kommunal byggesaksbehandling.

NVE ber om å verte orientert dersom område som er godkjende til mellombels arealbruk i NVEs løyve, gjerast om til permanent arealbruk i medhald av andre lovverk. NVE skal få kopi av søknadar og eventuelle løyve.

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kommunen kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg, slik at det offentlege kartverket kan oppdaterast. Kravet står i byggesaksforskrifta (SAK 10).<sup>5</sup>

---

<sup>3</sup> [Energilovforskriften § 3-7](#) (forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.).

<sup>4</sup> [Plan- og bygningsloven § 1-3](#) (lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling).

<sup>5</sup> [Byggesaksforskriften \(SAK 10\) § 4-3](#) siste ledd (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggesak).



### 2.3. Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta.<sup>6</sup> NVE har i denne godkjenninga ikkje vurdert om tiltaket tilfredsstillir krava i forskrifta.

### 2.4. Løyve de treng etter anna lovverk

I tillegg til denne godkjenninga av detaljplanen må de sørge for å skaffe dykk naudsynte privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida startar.

Linja AS er også ansvarleg for å innhente naudsynte løyve etter anna lovverk.

## 3. Bakgrunn

Den 17. mars 2022 fekk Linja AS konsesjon frå NVE for å byggje ein ca. 16 kilometer lang 132 kV kraftleidning mellom Leivdal transformatorstasjon og eksisterande 132 kV kraftleidning i Navelsaker. Dagens kraftleidning er gamal, nærar seg teknisk levetid, og er samstundes svært utsett for ras. Kraftleidninga skal difor oppgraderast for å auke overføringskapasiteten samt klargjere for overgang til 132 kV. Vidare vil den nye kraftleidninga delvis følgje ein ny trasé som er mindre utsett for ras.

Konsesjonsvedtaket blei klaga på til Olje og energidepartementet (OED), no Energidepartementet (ED). Olje og energidepartementet fatta vedtak i klagesaka 13. mars 2023. Klagen blei ikkje teken til følge, og NVEs konsesjonsvedtak blei oppretthaldt.



**Figur 1.** Oversiktskart over konsesjonsgitt tiltak. Rød strek viser ny leidning som skal byggjast, medan grøn strek viser leidning som skal sanerast.

<sup>6</sup> [Kraftberedskapsforskriften](#) (forskrift 7. desember 2012 nr. 1157 om sikkerhet og beredskap i kraftforsyninga).



## 4. Høyring og innkomne merknader

### 4.1. Detaljplanen har vore på høyring

I anleggskonsesjonen er det i vilkår av post nr. 10 blant anna sett krav om at «Linja AS skal utarbeide planen i kontakt med berørt kommune, grunneiere og andre rettighetshavere». I detaljplanen er det opplyst at grunneigarar og rettshavarar har vore involvert ved møter og synfaringar kor ein har gjennomgått planane for anleggsarbeida, inkludert mastekonstruksjonar, rettsbelte, tidsplan, riggplassar og transportveggar.

NVE sendte detaljplanen for 132 kV kraftleidning Leivdal-Navelsaker på høyring 17. september 2024 til Stad kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Statnett SF, samt grunneigarar og rettshavarar potensielt råka av tiltaket. Fristen for å komme med fråsegner til detaljplanen var 8. oktober 2024. Linja AS informerte grunneigarar og rettshavarar om høyringa og fristen for å kome med fråsegn.

### 4.2. Innspel til detaljplanen

Me har motteke fire innspel til detaljplanen. Merknadane som er relevante for detaljplanen er samanfatta nedanfor. Innspela vert oversendt til konsesjonær for kommentarar. Konsesjonærs kommentarar datert 25. oktober 2024 er gjengjevne i kursiv under kvar aktuelle merknad.

**Stad kommune** skriv i sitt fråsegn at det er viktig at naturinngrep vert redusert til det som er strengt naudsynt. Vidare føreset dei at riggområde, samt mellombelse anleggsveggar som ikkje er naudsynte for vidare drift og vedlikehald av leidningstraséen, vert tilbakeført til opphavleg stand etter enda anleggsarbeid. Inngrep i skog som kan ha rasførebyggjande effekt for bygningar og veg må haldast til det minimale. Stad kommune føreset at det vert gjort grunnundersøkingar for mastepunkt M34, samt øvrige mastepunkt ved behov.

*Linja AS skriv at dei vil følgje detaljplanen under anleggsarbeida der det er beskrive plan for skånsam skogrydding og terrenginngrep. Det er i detaljplan avsnitt 2.6.1 eit avsnitt om skog som rasførebygging. Linja AS har intensjon om å utføre grunnundersøkingar for M34 før etablering av mastepunkt.*

**Statsforvaltaren i Vestland** har vore inne i saka i tidlegare rundar kor dei har kome med innspel om naturmiljø, mellom anna ved å avgrense nye inngrep, ivaretaking av lågt- og seintveksande tre, samt avbøtande tiltak for fugl. Statsforvaltaren i Vestland finn av detaljplanen at dei tidlegare innspelte fråsegna er vurdert og forsøkt teke omsyn til, og har følgjeleg ingen nye innspel til saka.

**Helge Navelsaker** skriv at all skog som konsesjonær planlegg å fjerne på hans eigedom må fjernast i vinter dersom dyrkingsfeltet hans skal verte realisert.

*Linja AS skriv at dei ikkje kan starte skogrydding på Navelsaker sin eigedom før NVE har godkjent detaljplanen.*



**Vestland fylkeskommune** skriv at det ikkje vart gjort funn av automatisk freda kulturminne under kulturminneregistrering gjennomført i tidsrommet 14.-23. august 2024, men minner om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2 ledd. Vidare skriv fylkeskommunen at konsesjonær må sjå til at vassmiljø og vassressursane i tiltaksområdet ikkje vert forringa som følgje av tiltaket. Dersom leidningen skal krysse eller liggje innanfor 3 meter frå fylkesveg må leidningseigar få grave- og framføringsløyve frå Vestland fylkeskommune. I område kor det ikkje er regulert byggjegrænse må det søkjast dispensasjon frå byggjegrænse om det skal etablerast nytt byggverk eller anna innretning innanfor 50 m frå midten av fylkesveg.

*Linja AS skriv at dei vil utføre anleggsarbeida i samsvar med detaljplanen der det er beskrive om forureining og avfallshandtering. Linja AS vil søkje om kryssing av FV 665 ved Frislid i forbindelse med anleggsarbeidet.*

## **5. NVEs vurderingar av endringar frå konsesjonen**

Detaljplanen beskriv ei endring i trasé i forhold til konsesjonsgjeven leidningstrasé. Over ei strekning på 1,2 km mellom Drakefjellet og Heggjabygda (mast 50-55) er det føreslege endringar som medfører at leidningen vert liggjande noko lågare i terrenget og dermed litt meir skjult frå busetnadar i Heggjabygda. På det meste fråvik ny trasé 48 meter frå konsesjonsgjeven trasé. Endringane er føreslege etter ynskje frå råka grunneigarar.

Linja AS skriv i detaljplanen at det er små ulikeiter i vegetasjon og naturverdiar mellom konsesjonsgjeven og føreslegen endra trasé. Begge råkar blanda skog frå middels bonitet ved M51 til sær høg bonitet ved M55.

NVE vurderer at den ynskja traséendringa er rimeleg og ikkje konsesjonspliktig. NVE godkjenner med dette traséendringa mellom mast 50-55. Det forutsetjast at traséendringa ikkje fører til at myr vert råka.

## **6. NVEs vurderingar av detaljplanen**

### **6.1. Kva vurderer NVE?**

Formålet med ein detaljplan er å sikre at de som konsesjonær tek omsyn til miljø og landskap når anlegget byggjast og driftast. I vår behandling kontrollerer me at detaljplanen oppfyller aktuelle vilkår i konsesjonen. Me vurderer og kommenterer også andre tema og forhold der konsesjonær eller høyringspartar ynskjer avklaring frå NVE. Forhold som NVE meiner er beskrivne på ein god måte i detaljplanen, og som det ikkje er kome merknader til i høyringa, vert ikkje vurdert nærare av NVE.

Nedanfor presenterer me først våre vurderingar knytt til detaljplanlegging av arealbruk og avbøtande tiltak i anleggs- og/eller driftsperioden. Deretter vurderer me resterande tema.



## **6.2. Detaljplanlegging av arealbruk**

Det er behov for mellombels arealbruk som køyrespor og riggplassar. Stad kommune skriv i sitt høyringsfråsegn at dei forutsett tilbakeføring av mellombels opparbeida areal til opphavleg stand etter at anleggsarbeida er ferdige. NVE understrekar at løyve vert gjeve under forutsetning om at mellombelse anleggsområde tilbakeførast til det opphavlege etter bruk. Både permanent og mellombels arealbruk vist i trasékarta er nærare omtala nedanfor.

### **6.2.1. Arrondering og istandsetjing**

I anleggskonsesjonen er det sett krav om at Linja AS skal utføra ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda, som skal være ferdig seinast to år etter at anlegget eller delar av anlegget er sett i drift.

Når et areal vert opparbeida, meiner NVE at det er viktig å rydde vegetasjon, mellombelslagre masser i ranker og separere massefraksjonar for å lykkast med arrondering og istandsetjing. I praksis kan det vera utfordrande å halde toppmassar åtskilt frå resten av massane. Me oppfordrar Linja AS, saman med entreprenør, til å finne ei løysing på korleis toppmassar kan mellombelslagras slik at det vert mindre sannsynleg at desse blandar seg med andre massar.

I forbindelse med arrondering og istandsetjing er det viktig å få til overgangar som er så like terrenget rundt som mogleg. Fyllingar skal mettast med finare masser under toppmassar, slik at toppmassar ikkje vaskast ned i hol mellom sprengstein og skrotmassar ved regnskol. Toppmassar skal ikkje klappast, men leggast rufsete tilbake for å leggje til rette for naturleg revegetering. Me viser til NVEs rettleiar nr. 2/2021 [Veileder for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg](#).

### **6.2.2. Terrengbehandling**

I avsnitt 3.3.3 i [NVEs rettleiar for terrengbehandling](#) finn de prinsipp for terrengtransport som reduserer terrenginngrep. Det er ein fordel om terrengtransport går føre seg på frosen mark for å minimera risiko for terrengskadar. På telefri mark er det ein fordel å nytte beltegåande køyretøy med lågt marktrykk.

Vidare skal terrengskadar førebyggast i områder med dårleg bæreemne og slitestyrke. Kva for avbøtande tiltak som bør brukast kjem an på typen køyretøy. De må passe på at det ikkje oppstår erosjon ved etablering av køyrespor i sidebratt terreng eller ved kryssing av vassdrag og mindre bekker. Eventuelle blaute køyrespor må forsterkast utan ugrunna opphald for å hindre at spora utvidast.

De skal merke køyretreaséar for å unngå viftekyring, og de skal så langt som mogleg bruke det same køyresporet.



### **6.2.3. Køyrespor**

Linja AS har søkt om korridorar for køyrespor, sjå kapittel 2.8.1 i detaljplanen og vedlagt trasékart. NVE godkjenner dei omsøkte korridorane for køyrespor og forutsett at de innanfor kvar korridor brukar det køyresporet som gir færrast mogleg negative verknadar i terrenget. NVE minner om at køyrespor er midlertidig arealbruk som skal setjast i stand og tilbakeførast til opphavleg stand innan avslutning av anleggsarbeida.

I anleggsperioden vil det vera naudsynt å transportera gravemaskin og anna utstyr ut i terrenget, inn til og langs leidningstraséen. Linja AS har rett til å ta seg fram i kraftleidningstraséen innanfor rettsbeltet. I tillegg vil Linja AS bruke eksisterande vegar og køyrespor fram til rettsbeltet, men det er også behov for noko transport i terrenget utanfor eksisterande køyrespor.

Korridorar for køyrespor gjer auka fleksibilitet for anleggsarbeida. Det er først når anleggsarbeida er i gang at entreprenøren og dei som arbeidar med prosjektet vert kjende med terrenget. Då er det lettare å vurdere kva for traséar som gjer minst inngrep og terrengskadar innanfor ein definert korridor, framfor å søkje om å få godkjent spesifikke traséar for køyrespor før anleggsarbeida startar.

Dersom det er naudsynt å justera køyrespor utover godkjende korridorar, må de sende ein søknad som beskriv behovet, nye inngrep eller terrengskadar samanlikna med opphavleg trasé, og nye verknadar samanlikna med opphavleg trasé

### **6.2.4. Riggplassar**

Riggplassane som Linja AS planlegg å bruke i anleggsarbeida er vist til i detaljplanens kapittel 2.8.2 og i vedlagd trasékart. Av totalt sju moglege riggplassar ligg fem på allereie opparbeida areal (R3-7), ein på delvis opparbeida areal i form av dyrka mark (R1), og ein i tilknytning til skogsbilveg (R2). NVE vurderer at desse plasseringane er hensiktsmessige og godkjenner med dette dei omsøkte riggplassane i detaljplanen. Me legg til grunn at de følg prinsippa i NVEs rettleiar for terrengbehandling ved opparbeiding og istandsetjing av riggplassar. Linja AS skriv i detaljplanens kapittel 2.8.2 at riggplassar vil verte tilbakeført til opphavleg stand, eller som avtalt med grunneigar. NVE minner om at riggplassar som hovudregel er mellombels arealbruk og skal tilbakeførast til det opphavlege etter bruk.

### **6.2.5. Sluttrapport**

NVE har av 9. januar 2025 endra prosedyre for sluttrapportering.

Det er ikkje naudsynt å senda ein sluttrapport til NVE for avslutting av anleggsarbeida.

Me viser til at vilkår tidlegare knytt til krav om sluttrapport er tilstrekkeleg ivareteke gjennom internkontrollsystem for krav til miljø og landskap IK-energi, [FOR-1990-12-07-959 § 3-7](#)), sjå også NVEs rettleiar nr. [8/2018](#) for IK-energi.

NVE kan med heimel i energilova kapittel 10 føra tilsyn med at anlegg vert drive etter gjeldande konsesjon og vilkår, her under krav om internkontrollsystem for miljø og landskap.



### **6.3. Avbøtande tiltak i anleggs- og driftsperioden**

I konsesjonens post nr. 10 om detaljplan er det sett krav om at planen spesielt skal beskrive og drøfte ei rekke ulike forhold. NVE vil i det følgjande gå gjennom desse.

#### **6.3.1. Naturfare**

I anleggskonsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å beskrive og drøfte:

Hensiktsmessige løsninger for plassering av mastene for å minimere faren for naturskader på anlegget.

De skriv detaljplanens kapittel 2.4 at risiko og fysiske tiltak mot naturfare er beskrive i konsesjonssøknaden. Påfølgjande er det utført ei vurdering av Sunnfjord Geo Center AS (SGC), på bakgrunn av krav i [NVEs rettleiar for detaljplan for nettanlegg](#) om at kunnskapsgrunnlaget frå konsesjonssøknaden vert gjennomgått og oppdatert. Ei grense for høgste nominelle årlege sannsyn for skred mot anlegget er sett til 1/150. Det er tiltakshavar som fastsett tryggleiksnivået. Rapporten frå SGC konkluderer med at samla sannsyn for skred er lågare enn 1/150 for alle mastepunkta (M30-M80) og at flaum ikkje vil føra til skade på mastepunkta som er planlagd i aktsemdsområde for flaum.

I detaljplanen går det blant anna fram at alle mastepunkta er over marin grense, men at det bør utførast grunnundersøkingar ved mastepunkt 34 for å sjekka om det er naudsynt med lausmassefundamentering her. Stad kommune skriv i sitt høyringsfråsegn om viktigheita av grunnundersøking ved mast 34, samt andre master ved behov. NVE forutsett at Linja AS gjennomfører grunnundersøkingar ved mastepunkt 34, og dersom anleggsarbeida påvisar større lausmassedekkkje andre stadar skal grunnundersøkingar også her vurderast utført.

NVE vurderer at dette vilkåret sett i anleggskonsesjonens post nr. 10 om naturfare er ivareteke. NVE minner om at det er Linja AS sitt ansvar at planleggings-, anleggs- og driftsfasen tek høgde for den reelle naturfaren, og at anlegget ikkje aukar faren for skred eller flaum for tredjepart.

#### **6.3.2. Framande artar**

I konsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å beskrive og drøfte:

Hvordan anleggsarbeidet og oppryddingsarbeidet kan gjennomføres for å hindre spredning av fremmede arter.

Det er ikkje registrert framande artar i trasé eller planlagde transportvegar, men dei framande artane platanlønn og parkslirekne førekjem i området. Parkslirekne er i kategorien SE (svært høg risiko), og er blant anna registrert i område nært den eksisterande leidningen som skal rivast ved Leivdal transformatorstasjon.

Linja AS oppgjer i detaljplanens kapittel 2.11 at dei i forkant av anleggsarbeida skal oppdatere kunnskapsgrunnlaget ved å gjennomføre ei kartlegging av framande artar i traséar for terrengkøyring, riggområde og område for graving. Linja AS oppgjer vidare ei rekke tiltak for korleis spreining av framande artar skal hindrast.



NVE minner om viktigheita av at de er merksame på førekomst og risiko for spreining av framande artar både ved anleggsarbeida for ny kraftleidning og ved rivingsarbeida for gamal kraftleidning. Like viktig som eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er det at de fattar naudsynte og riktige tiltak for å hindre spreining ved avdekking av framande artar.

NVE vurderer at vilkåret sett i anleggskonsesjonens post nr. 10 om framande artar er ivareteke. NVE legg til grunn at Linja AS gjennomfører naudsynte tiltak for å hindre at framande artar vert spreia, i samsvar med Forskrift om fremmede organismer § 24.<sup>7</sup>

### **6.3.3. Riving av eksisterande anlegg**

I anleggskonsesjonen post nr. 10 er det sett vilkår om å drøfte og beskrive:

Hvordan rivingsarbeidet kan planlegges på en slik måte at eventuelle negative virkninger på den registrerte naturtypen Furefjordingen Ytre minimeres.

I detaljplanens kapittel 2.3 har de beskrive korleis arbeida med å fjerne leidningar skal gå føre seg, og i kapittel 2.6.10 har de beskrive tiltak for å redusere risiko for skade på naturmangfaldet i den registrerte naturtypen Furefjordingen ytre (naturbeitemark). Mellombels arealbruk for transport og riggplassar er beskrive i detaljplanens kapittel 2.8 og detaljplanens vedlegg «Trasékart». Om det vert behov for arealbruk for rivearbeida ut over det beskrive i detaljplanen, skal dette vurderast på lik måte som vurderingar gjort i avsnitt om arealbruk ovanfor og forelegges NVE før arbeida kan starte.

NVE vurderer at dette vilkåret sett i anleggskonsesjonens post nr. 10 om riving av eksisterande anlegg er ivareteke.

### **6.3.4. Skogrydding**

I anleggskonsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å drøfte og beskrive:

Hvordan man så langt det er praktisk kan begrense skogryddingen under traseen, spesielt i områder hvor naturskog er rasforebyggende.

Stad kommune tek i sitt høyringsfråsegn også opp viktigheita av skog for å førebyggje ras.

Linja AS skriv i detaljplanens kapittel 2.6.1 og 2.10 høvesvis om rasførebyggande tiltak og prinsipp for skogrydding. På strekninga mellom mastepunkt 29 og mastepunkt 35 skriv de at store deler av leidningen vil liggje innanfor aktsemdsområde for ras og at særskild omsyn skal takast her for å unngå unødige rydding av skog og auka risiko for skred.

NVE legg til grunn at de bruker prinsipp omtala i [NVEs rettleiar om skogrydding i kraftleidningstraséar](#) som verktøy i forbindelse med skogryddinga, og at de sikrar ivaretaking av temaet også i driftsfasen for kraftleidningen ved å inkludere prinsipp om avgrensa skogrydding i internkontrollsystemet dykkar.

---

<sup>7</sup> [Forskrift 19. juni 2015 nr. 716 om fremmede organismer § 24.](#)



NVE vurderer at vilkåret sett i anleggskonsesjonens post nr. 10 om skogrydding er ivareteke. Det forutsetjast at de held inngrep til det minimale i skog som kan ha rasførebyggande effekt.

### **6.3.5. Fugleavvisarar**

I anleggskonsesjonens post nr. 10 er det sett vilkår om å drøfte og beskrive:

Fugleavvisere skal monteres ned fra Navelsakerfjellet der lange spenn går høyt over tregrensen. MTA-planen skal beskrive hvor på denne strekningen fugleavvisere bør brukes.

NVE viser til detaljplanens kapittel 2.6.3 kor strekningen som skal merkast med fugleavvisarar er beskriven. Fare for fugledød ved kollisjon med liner, og etablering av fugleavvisarar, er også omtala i detaljplanens kapittel 2.11.

NVE vurderer at dette vilkåret sett i anleggskonsesjonens post nr. 10 om fugleavvisarar er ivareteke.

## **6.4. Resterande tema**

### **6.4.1. Naturmangfald**

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova § 8 til 12 er vurdert i konsesjonsbehandlinga i NVEs notat «Bakgrunn for vedtak».<sup>8</sup> I arbeidet med detaljplanen har Linja AS den 1. juni 2023 innhenta oppdatert informasjon frå Statsforvaltaren i Vestland. I tillegg har Linja AS på nytt gått gjennom offentlege databasar som naturbase og artsdatabanken for å halde kunnskapsgrunnlaget oppdatert. NVE har bekrefta desse opplysningane med eigne søk i Naturbase og Artsdatabanken den 2. desember 2024. NVE meiner vurderingane av naturmangfald i detaljplanen bygger på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og er tilstrekkeleg konkrete og dekkande for tiltaket.

### **6.4.2. Kulturminne**

I anleggskonsesjonens post nr. 10 er det sett følgjande vilkår:

Konsesjonæren skal avklare undersøkelsesplikten etter kulturminneloven § 9 før detaljplanen blir godkjent.

NVE vurderer at dette vilkåret er ivareteke.

Linja AS skriv i detaljplanens kapittel 1.6 at det førekjem nokre kjende automatisk freda kulturminne i område, og at det må leggjast til grunn potensiale for fleire funn. I detaljplanens kapittel 2.6.11 klargjer Linja AS korleis anleggsarbeida skal vise omsyn til kulturminne.

Vestland fylkeskommune skriv i fråsegn datert 13. september at det ikkje vart gjort funn av automatisk freda kulturminne under kulturminneregistrering gjennomført i tidsrommet 14.-23. august 2024, men minner om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2 ledd.

---

<sup>8</sup> NVEs notat «Bakgrunn for vedtak» datert 18. mars 2022, NVE-ref.: 201914423-23.



NVE minner om at kulturminne som ligg i eller tett på tiltaket, må merkast i felt før anleggsstart, slik at dei ikkje vert skada i forbindelse med anleggsarbeida. Me sett som vilkår at de merker kulturminne med eit materiale som ikkje forvitrar. Dette er for å redusera risikoen for at materialet endar som søppel i naturen. I tillegg er det en fordel at kulturminne vises i digitale kart som entreprenør bruker i maskinane sine.

Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Anne Johanne Kråkenes  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar*

Godkjent av Anne Johanne Kråkenes  
Seksjonssjef

Kristian Markegård  
Direktør

**Mottakarliste:**

LINJA AS

**Kopimottakarliste:**

Helge M Navelsaker

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

STAD KOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

LINJA AS - Ingunn Vassbotten



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.